

Norge både i allierte land og i svensk opinion, som må ha gjort det lite opportunt å kome med for kritiske utsegner om Norge. Desto meir påfallande er det at så framståande svenske representantar som Marcus Wallenberg og Erik Boheman overfor den britiske minister i Stockholm fann grunn til å karakterisere den norske regjeringa som ein marionett for britane. Karakteristikken vekte som ein kunne vente ingen gjenklang i Foreign Office, snarare tvert imot.¹⁰⁶ Det er derfor nærliggjande å tru at når Wallenberg og Boheman i den grad kunne feilvurdere sitt publikum, var det fordi dei her avslørte ein fundamental føresetnad for svensk Norges-politikk, nemleg ei djuptliggjande overtyding i leiande svenske krinsar om at den norske regjeringa i London langt på veg var ein formalitet, som skulle dekkje over at ute-Norge eigentleg var eit lydhyrt instrument for britisk utnytting av norske ressursar til den allierte krigføringa. Ei slik overtyding gir då også betre meining og samanheng til det markerte skilje der er, i alle fall til slutten av 1943, i svensk politikk andsynes på den eine sida det norske folket eller i vidaste tyding heimefronten, som får sympati og støtte, og på den andre sida andsynes den norske regjeringa eller utefronten, som nærmast blir behandla som ein «quantité négligeable» – ein formell og kortliva konstruksjon som det ikkje var grunn til å ta særleg omsyn til. Ikkje minst kan dette forklare den elles nokså uforståelege svenske trenering av spørsmålet om gjensidig fullverdig diplomatisk representasjon. Den omfattande dokumentasjonen som frå begge sider er offentleggjort om dette spørsmålet,¹⁰⁷ syner at det einaste konkrete som frå svensk side vart oppgitt som grunn, var at tyskarane ville svare med å krevje innstilt det svenske generalkonsulatet i Oslo. Forklaringa synest svakt underbygd. Elles møtte den svenske regjeringa alle norske krav i denne saka med merknader om at den gjensidige diplomatiske representasjons formelle status ikkje gjorde noko frå eller til i praksis. Men i forholdet mellom statar kan status og formalitetar ofte vere uttrykk for viktige realitetar.

Spørsmålet om den gjensidige diplomatiske representasjon skulle også spele ei rolle i forholdet mellom Norge og det fjerde nordiske landet, Finland. Trass i at Finland sidan juni 1941 stod på fiendens side i krig mot Norges allierte Sovjetunionen, nølte den norske regjeringa heilt til desember 1941 med å dra sin diplomatiske representasjon tilbake fra Helsinki. Norge erklærte heller ikkje Finland krig. Likevel ser det ut til at den norske avgjerda om å bryte sambandet med Finland vart teken svært ille opp på svensk side, og sett på som eit unødvendig slag i ansiktet på det nordiske samarbeidet. Marcus Wallenberg skal ha gitt uttrykk for stor indignasjon over dette i samtalar med minister Mallet i Stockholm. Liknande synsmåtar var også framme i svensk presse i desember 1941, og framkalla då følgjande utbrot frå Trygve Lie som stiller heile spørsmålet om det diplomatiske sambandet mellom dei nordiske landa i relieff:

100723

Fr
rygg
først
regje
sven
forbi
den h
Stock
repre
oppfi
Inger
ning
regje
vår m
var ø

Trass i at
med Finlan
gjennom ra
Stockholm.
gjort kjend
krigen, tok
streke Nor
demokratisk

Der synes
om framtid
regjeringa
krigs- og al
isk samarbe
kunne ing
Russland,
Sverige, n
sasjon, alt
hvis det b
man må
nøytralite
ber 1943
åra.